

---

Vår referanse 2020/58781-2  
Dato 05.08.2020

---

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

## Svar på kunngjering av oppstart av kommunedelplan for trafikkisikring for Masfjorden 2020 - 2032 og orientering om at framlegg til planprogram vert sendt på høyring

Vi viser til mottatt brev av 24. juni 2020 med kunngjering om oppstart av kommunedelplan for trafikkisikring for Masfjorden kommune 2020-2032 og orientering om at framlegg til planprogram vert sendt på høyring. Det er positivt at Masfjorden kommune no vil revidera den kommunale trafikkisikringsplanen og vi takkar for invitasjonen til å koma med innspel.

### Vestland fylkeskommune sitt ansvar for trafikktryggleik

Vestland fylkeskommune har eit breitt ansvar for trafikktryggleiken som regional myndigheit og utviklingsaktør, vegeigar og skuleeigar. Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunen også eit utvida ansvar for fylkesvegane, då me har overtatt dei oppgåvene som Statens vegvesen tidlegare har utført for oss på fylkesveg. Døme på dette er planlegging, utbygging, drift, vedlikehald og beredskap.

Fylkeskommunen har etter §40a i vegtrafikklova (1965) eit ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremma trafikktryggleiken i fylket. Etter folkehelselova (2011) §20 har fylkeskommunen eit ansvar for å fremma folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Fylkeskommunen skal også understøtta folkehelsearbeidet i kommunane, og vera ein pådrivar og koordinator for folkehelsearbeidet i fylket.

Fylkeskommunen er høyringspart for kommunale trafikkisikringsplanar.

### Mål og satsingsområde for trafikktryggleiksarbeidet

Trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylkeskommune vert forankra i ny Regional transportplan for Vestland 2022-2033 (RTP), og i eit handlingsprogram for trafikktrygging. Planprogram for ny RTP er no sendt ut på høyring. Inntil vidare er Vestland fylkeskommune sine satsingsområde i trafikktryggingsarbeidet forankra i budsjettokumentet for 2020. Desse er:

- Trafikkisikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Nasjonal transportplan 2018-2029 har som mål at talet på personar som vert drepne eller hardt skadde i vegtrafikken maksimalt skal vera 350 i året innan 2030. Måltal for Vestland er 44 drepne

og hardt skadde innan den tid - ei halvering av dei 87 som vart drepne og hardt skadde i dei gamle fylka i 2018.

## Innspel til revisjon av planen

### Forankring og eigarskap

Ein god planprosess er ein føresetnad for å få eit godt resultat og viktig for å sikra oppfølging av tiltaka i planperioden. Det vil vera ein fordel om planprosessen er forankra i politisk og administrativ leiing, og vidare ut i dei ulike ledda i organisasjonen som saman skal bidra i trafikksikringsarbeidet. Om dei som skal følgja opp planen er aktivt med på utforminga av tiltaka, vil dei ha eit større eigarskap til både tiltak og ts-arbeidet i sin heilskap. God kommunikasjon og avklaringar undervegs bidrar til forankring og tiltak som det er realistisk at vert gjennomførte. Ut frå punkt 6.1 i planprogrammet ser det ut til at dette er godt ivaretatt.

### Medverknad og lokalt engasjement

Kommunen sitt trafikksikringsarbeid skjer på tvers av tenesteområda. Det er viktig at heile denne aktiviteten - frå det trafikantretta arbeidet i barnehage, skule og på helsestasjon, til reguleringsplanar og fysiske tiltak - vert sett i samanheng. Ts-arbeidet skjer også utanfor kommuneorganisasjonen - i ulike lag og organisasjonar, og gjennom eldsjeler og engasjerte enkeltpersonar. Medverknad er viktig for å gi planen legitimitet, både hjå innbyggjarar og politikarar. Og ikkje minst er medverknad viktig for dei som får moglegheita til å bli høyrd. Særleg er det viktig å sikra medverknad frå dei som er målgruppene i ts-arbeidet dykkar. Utsette grupper i trafikken kan vera barn og unge, eldre, innvandrarar og flyktingar med annan trafikkultur og - forståing, unge bilførarar og mjuke trafikantar generelt.

### Tiltak som møter utfordringane

Tiltaka bør svara på dei utfordringane som er i kommunen. Det krev at mellom anna ulykkesituasjonen i kommunen vert belyst. Samstundes veit vi at ulykkesstatistikken ikkje er komplett, og det er heller ikkje alt vi har gode tal på for den enkelte kommune. Vi har derimot gode tal nasjonalt, til dømes for risikoåtfærd i trafikken. Rus, høg fart og manglande bruk av bilbelte er faktorar vi finn att i mange av dei alvorlege ulykkene i landet. Å jobba for ei betre åtfærd blant trafikantane våre er eit felles arbeid der kommunane sin innsats er viktig. I arbeidet med å få foreldre til å sikra barn i bilen - og på rett måte - har vi i stor grad kommunale helsestasjonar og barnehagar å takka for at vi har kome så langt på veg.

Ein snarveg til kunnskapen er å inkludera fagpersonar frå andre etatar i planarbeidet. Her kan ein få tilgang på verdifull kompetanse, frå folk med både erfaringar og god kjennskap til fagfelte sine. Vi kan nemna Trygg Trafikk og politiet som viktige bidragsytarar. Sjølv ser vi fram til å følgja og delta i planprosessen dykkar med våre fagfolk innan trafikksikring.

### Barn, unge og Hjertesone

Vi vil råda til å prioritera tiltak på vegar som er viktig for barn og unge, som tilkomst til skule og idrettsanlegg. Det er eit nasjonalt mål at åtte av ti elevar skal gå eller sykla til skulen, og då må vegane vera lagt til rette for desse reisealternativa. Samstundes er det viktig å arbeida med haldningar og åtfærd. Køyring av barn til og frå skulen skapar trafikkfarlege situasjonar ved mange skular. Hjertesone er eit konsept utarbeidd av Trygg trafikk, Statens vegvesen, Helsedirektoratet, UP og andre aktørar, der ein ønskjer å skapa trygge område rundt skulane med minst mogleg biltrafikk og motivera barn og unge til å gå eller sykla til skulen. I Hjertesone er det lokale engasjementet viktig. Initiativ til å jobba med Hjertesone ved ein skule kan koma frå elevar, foreldre eller skulen sjølv. I tillegg kan initiativet koma frå kommunen sjølv, slik som i Bergen. Her vedtok kommunen i oktober 2016 følgjande:

- 1. Alle skoler i Bergen skal innan utgangen av bystyreperioden ha en egen trafikksikringsplan med risikovurdering og tiltaksplan.*
- 2. Alle skoler i Bergen skal innen utgangen av bystyreperioden opprette en "hjertesone" rundt skolen, hvor det ikke er tillat å sette av eller hente elever som blir kjørt til skolen.*

*Dersom barn likevel kjøres, må stopp- og hentested skje på markerte steder utenfor denne sonen.*

3. *Skolene skal være pådriver for at flest mulig går og sykler til skolen.*

I Bergen er prosjektperioden forlenga til ut 2020. Om de ynskjer meir informasjon om Hjertesone kan de ta kontakt med prosjektleiar Åslaug Bergsvåg. E-post: [Bergsvag@tryggtrafikk.no](mailto:Bergsvag@tryggtrafikk.no)

I samband med Hjertesone-prosjektet i Bergen fekk Norconsult i oppdrag å utarbeida eit kunnskapsdokument om Hjertesone og trygge skuleveggar. Arbeidet er no i sluttfasen, og vil kunne gi nyttige innspel til revideringa av ts-plan i Masfjorden kommune.

#### Arealplanlegging

Kommunen kan gjennom si rolle som arealforvaltar i stor grad sjølv påverka trafikktryggleiken ved å unngå utbygging i område langt unna viktige målpunkt og/eller utan infrastruktur for mjuke trafikantar. Det sikrar tryggare ferdsel til fots og på sykkel. Det bør også stillast rekkjefølgjekrav til utbyggjarar som sikrar trygge tilhøve for mjuke trafikantar. Det er viktig å sikra naudsynt areal til gang- og sykkeltiltak langs vegnettet, særleg der barn og unge ferdist.

#### Felles innsats

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2018-2021 er eit sentralt dokument for den samla nasjonale og regionale innsatsen for færre drepne og hardt skadde i vegtrafikken, og er også relevant for kommunane sitt arbeid. Vi vil oppmoda kommunen til å kopla eigen plan til satsingsområde i den nasjonale tiltaksplanen. Trygg Trafikk har utforma eit ressursdokument med døme på korleis kommunane kan koma med konkrete tiltak i sine planar som bidrar til dei overordna måla for ts-arbeidet i Noreg. Den nasjonale tiltaksplanen har også eit godt kunnskapsgrunnlag som de kan nytta i arbeidet med dykkar plan.

I framlegget til planprogram ser vi at Masfjorden kommune har med mange av punkta som vi har nemnd over og vi ser fram til å kunne delta i prosessen med utarbeidinga av den nye trafikksikrings-planen.

Med helsing

Carl Erik Nielsen  
Leiar

Tor Steinar Høyland  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*